



Bjarte Jostein Skintveit
Rosslandsvegen 1240
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1805 - 17/18784

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
25.09.2017

Svar - Istandsetting etter arbeid med vassleidning over GBNR 43/7

Viser til skriv av 26.06.2017.

Det vart avholdt synfaring den 14.09.2017 for å nærare kunne vurdere grunneigar sine anførsler.

Grunneigar ønskjer å få satt opp igjen ein steingard i området der den kommunale vassleidninga vart etablert. Steingarden er rekna til å vere 15 m lang med ein høgde på 90-100 cm, og skal gå i eigedomsgrensa mellom GBNR 43/7 og GBNR 43/25. Grunneigar har fått eit pristilbod på ca 100 000 kr for etablering av steingarden. Grunneigar viser til grunneigaravtale av 09.12.2011 om legging av vassleidning over eigedomen, og meiner at kommunen er ansvarleg for å dekke kostnadene med oppføring av steingarden.

Vurdering

I utgangspunktet er kommunen positive til at grunneigarar ønskjer å etablere steingardar og halde i hevd kulturlandskapet. Vurderinga under omhandlar imidlertid ikkje dette, men om kommunen etter grunneigaravtala er pliktig til å dekke kostnadene med å bygge opp steingarden.

Kommunen vurderar at klaga frå grunneigar spesielt bør vurderast ut i frå punkt 3 av grunneigaravtala. Her står det følgjande:

Tre, hekk og liknande som må fjernast grunna arbeidet skal det gjevast vederlag for. Mogelege skader på bygningar eller liknande skal utbetrast så langt dette let seg gjera. Dersom det praktisk ikkje let seg gjera å utbeta skaden på tilfredsstillande måte, skal det gjevast vederlag etter minneleg avtale. Dersom det ikkje vert semje om slik avtale skal det gjevast vederlag etter anleggsskadeskjønn.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Bilete av område før utbygginga, sjå vedlagt bilete frå Google street view, viser at det står høge grantre samt restane av ein gamal steingard i eigedomsgrensa. Det er svært sannsynleg at grantrea over tid har øydelagt den opphavelige steingarden. Da kommunen bygde vassleidninga vart grantrea hogd ned, medan steinen etter avtale med entreprenør vart lagt til sides for evt. seinare bruk.

Ettersom steingarden allereie var øydelagt, er vår vurdering at kommunen ikkje kan vere ansvarleg for å sette opp ein ny steingard. Skadene på steingarden er ikkje forårsaka av arbeidet med legging av vassleidninga.

Kommunen vurderar likevel at det er rimeleg at kommunen bør erstatte funksjonen trea hadde som grenseskilje. Kommunen vil vere villig til å etablere eit gjerde med grind. Eventuelt kan kommunen istadenfor dekke planting av nye grantre. Vi gjer merksam på at tre ikkje kan plantast heilt nær leidninga, jf. pkt 4 i grunneigaravtala.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Google street view 2009

Kopi til:

Eirik Bouwer Utne
Harry Finseth

Mottakere:

Bjarte Jostein Skintveit

Rosslandsvegen 5917
1240

ROSSLAND